



HAUGEN IDRETTSKLAG

Skipa 1895 – 6770 NORDFJORDEID

ÅRSMELDING FOR HOVUDSTYRET 2021

Styret har hatt denne samansetninga i perioden

Leiar	Arild Even Lillebø Opsal
Nestleiar	Asgeir Bakke
Kasserar	Tone Anette Espe
Styremedlem	Øyvind Haugland
Styremedlem	Hans Inge Lien Vereide
Vara og medlemsansvarlig	Steven Johnsen

Haugen IL har hatt desse undergruppene

- Alpin
- Fotball
- Friidrett
- Handball, vårsesongen.
- Langrenn
- Sommarcamp ut 2021.

Møter

Hovudstyret hadde 8 møter i 2021 der nokre omfatta gruppeleiarane.

Representasjon

Haugen IL er partseigar i Harpefossen Skisenter AS, Eid Idrettspark og AL Vårtun.

Klubbhuset

På grunn av pandemien har klubbhuset vore lite utleigd og leigeinntektene balanserar såvidt straumutgiftene. Heldigvis har vi leigeinntekter på parkeringsareal i tillegg.

Søknad om spelemidlar til rehabilitering av klubbhuset blei levert på nytt i 2021.

Handballgruppa

Handballgruppa blei lagt ned på årsmøtet 27.04.2021 noko som vi har merka på medlemstalet og aktiviteten. Eit ekstraordinært årsmøte 19.08.2021 vedtok å støtte handballgruppa i Eid IL med midlar og utstyr.

Sommarcamp

Sommarcamp blei avvikla som gruppe i idrettslaget og held fram som eigen organisasjon med namn Klenkarberget Sommarcamp. Det er teikna ei samarbeidsavtale mellom idrettslaget og Klenkarberget Sommarcamp der idrettslaget er sikra leigeinntekter og Sommarcamp er sikra lokale og anlegg.



HAUGEN IDRETTSLAG

Skipa 1895 – 6770 NORDFJORDEID

Eid idrettspark

Eid idrettspark er eit samarbeid mellom Haugen IL, Eid IL, Heia IL og Stad kommune. Idrettsparken, som ligg mellom ungdomsskulen og Eid Idrettshus, har kunstgras med undervarme. Selskapet er omdanna til eit aksjeselskap. Driftsutgiftene blir fordelt etter bruk og fotballgruppa vår betalar om lag 15.000 kr pr år.

Harpefossen skisenter

Det blir lagt ned mykje arbeid på skisenteret og dugnad utgjer ein stor del av verdiskapinga. Turistløypa blei ferdig til sesongen og er ein verdifull tilvekst og ei god utvikling av anlegget.

125 års jubileum

Laget hadde 125 års jubileum i 2020 men grunna pandemien har det ikkje vore markering og vi vonar den kan haldast i 2022.

Løypemaskin

Styret vedtok å gå saman med Stårheim IL, andre organisasjonar og verksemder og kjøpe ei brukt løypemaskin til preparering av langrennsløyper.

Resultat

Ferre medlemmar har gjeve mindre medlemskontingent men også lavare forsikringspremie.

Laget hadde i 2021 eit overskot på kr 28 481,49

Laget hadde 334 betalande medlemmar pr 31.12.2021

Vi takkar alle frivillige for den store innsatsen i 2021 og vonar på eit framleis godt samarbeid.

Haugen 21.04.2022

Arild Lillebø Opsal

Asgeir Bakke

Øyvind Haugland

Hans Inge Lien Vereide

Tone Anette Espe

Steven Johnsen (vara)